

Generelle vilkår – Frivilligpris 2022

Møre og Romsdal fylkeskommune sin Frivilligpris 2022 er ein pris som berre blir delt ut i Frivilligåret 2022.

Prisen er på kroner 30 000, og vinnaren får i tillegg eit kunstverk til ein verdi av 5000–6000 kroner frå ein kunstnar i Møre og Romsdal.

Formål

Frivilligpris 2022 for Møre og Romsdal skal heidre stor frivillig innsats. Den skal gå til ein person som har gjort ein stor innsats for frivilligheita i sitt lokalsamfunn over lengre tid. Eit mål er å skape interesse, engasjement, auke statusen og fremme dei frivillige. Prisen skal vere til inspirasjon for frivilligarbeidet i fylket. Gjennom å løfte fram gode eksempel av frivillige vil ein synleggjere frivilligheita sin verdi for menneske og samfunn. Prisen er ein del av fylkeskommunen sitt arbeid for å stimulere til mangfald, inkludering og ein nyskapande frivillig sektor.

Generelle vilkår

Prisen skal gå til ein person som:

- høyrer heime i fylket
- viser evne og vilje til å yte aktiv frivillig innsats utover det vanlege
- bidrar til trivsel og livskvalitet for andre
- ikkje er tilsette i organisasjonen

Forslag på kandidatar og behandling

1. Frivilligpris 2022 vert kunngjort på våre heimesider www.mrfylke.no, i våre sosiale media, gjennom våre nettverk og kommunane.
2. Det er berre kommunane som kan fremme ein kandidat til prisen.
3. Kommunane vel sjølve korleis dei vel å nominere sin kandidat.
4. Alle forslag på kandidatar skal vere skriftleg og skal grunngjevast av forslagsstillar. Link til skjema vil bli sendt til kommunane.
5. Frist for å kome med forslag er 31. oktober 2022.
6. Prisen kan ikkje gå til ein offentleg aktør.
7. Ein jury bestående av aktørar frå fylkeskommunen, politikar og organisasjonar innstiller på prisvinnar med grunngjeving. Kulturdirektøren i fylkeskommunen gjer endeleg vedtak.
8. Alle nominerte blir invitert til frivilligfesten 4. desember 2022 der prisen blir delt ut. Prisen blir delt ut av politisk leiing i fylkeskommunen.
9. Det blir ikkje satt særlege vilkår til korleis mottakaren bruker prisen.

Habilitet etter forvaltningslova § 6 blir vurdert i alle ledd av saksbehandlinga.